## NYHETER

### Seniorene er lønnsomme

Åtte av ti ledere i norsk industri mener det er lønnsomt å holde på eldre arbeidstakere, melder en ny Fafo-rapport.

79 prosent av 508 ledere i bedrifter som er medlem av Norsk Industri, sier at det er lønnsomt å holde på eldre arbeidstakere fordi de sitter på kompetanse. Sju av ti slår fast at eldre er like produktive som yngre arbeidstakere, og mer enn halvparten mener de eldre er sjeldnere syke enn de yngre. Bakgrunnen for rapporten er at norske industribedrifter i fjor oppga at de manglet nesten 9.000 personer. ©NTB

### Sykmeldte kjøpes ut av helsekøen

Denne måneden starter regjeringen arbeidet med å kjøpe sykmeldte arbeidstakere ut av helsekøen. Hensikten er å få ned sykefraværet.



Bjarne Håkon Hanssen

– I løpet av mars vil de første pasientene som går sykmeldt fordi de ikke har fått behandling, få oppfølging ved sykehus og andre helseinstitusjoner, sier arbeids- og inkluderingsminister Bjarne Håkon Hanssen (Ap). ©NTB

### Økning av spilleavhengige på nett

Poker spesielt og nettspill generelt hekter flest til avhengighet.

En av fem som ringte Hjelpelinjen for spilleavhengige oppgir i samlestatistikken for 2006 at de er hektet på nettspill. Og nettpoker er den spillformen som skaper flest avhengige og som er i størst økning, skriver Adresseavisen.

– Fortsatt er gevinstautomatene det største problemet hva gjelder avhengighet. Men avhengighet av nettspill er i økning, trolig som følge av økt tilgjengelighet, sier leder av Hjelpelinjen for spilleavhengige, Tore Paulsen. ©NTB

### Krigsbarn til kamp i Strasbourg

19 norske krigsbarn er på vei til Strasbourg, der høringen for Den europeiske menneskerettighetsdomstolen om «tyskerungene» gjennomføres i morgen. Der vil Regjeringsadvokaten stå fast på det norsk rett allerede har fastslått, nemlig at krigsbarnas sak er foreldet.

– Avgjørelsen i Strasbourg betyr alt for oss, sier ett av krigsbarna til NTB.

Kravet fra krigsbarna er at staten gir dem oppreisning og erstatning for overgrepene mange av dem ble utsatt for under oppveksten. ©NTB

## Bastesen kan bli kastet ut av Kystpartiet

– Hvis det noen gang skulle være nødvendig å ekskludere noen, må det være nå. Når man går ut med personangrep på denne måten, på et offentlig møte, er fylkesstyret nødt til å diskutere det. Jeg trodde ikke det var mulig å synke så lavt for å skade partiet, sier Kjell Ivar Vestå, leder i Nordland Kystparti.

Vestå sikter til Bastesens angrep på partiets fylkestopp Benn Mikalsen, og partileder Roy Waage. ©NTB



Steinar Bastesen

■■ Mannen som overfalt en kvinne i et garasjeanlegg i Oslo mandag morgen, var trolig ikke ute etter å voldta henne, mener politiet. Mannen hysjet på henne under basketaket, men forsøkte ikke å dra i kvinnens klær. ©NTB

# Protesterer mot nytt sprøyterom

**SPRØYTEROM:** Dei tilsette åtvarar mot den planlagde flyttinga av sprøyterommet i Oslo frå Tollbugata til Prinds Christian Augusts Minde i Storgata.

SOSIALPOLITIKK



**TILLITSVALD:** – Vi har både hovudavtalen og arbeidsmiljølova på vår side når vi krev å komma til orde, seier hovudtillitsvald Stein Asthøy i Sosiale Institusjoners Fagforening. FOTO: TATIANA LIMA

**Av Magnhild Folkvord**

Etter opprinneleg plan skulle grunnarbeidet for det mellombels sprøyterommet innimellom verneverdige bygningar i Storgata i Oslo starta måndag denne veka, sjølv om Omsorgsbygg KF (OBY) enno ikkje har fått det løyvet som trengst for å skaffa tilgang til sprøyterommet frå gata. Val av leverandør har forseinka starten, men det er framleis planen at grunnarbeidet skal vera gjort før påske. Administrerande direktør Jan-Egil Claussen i OBY opplyser at paviljongane som skal brukast, sannsynlegvis blir leverte i midten av april.

Men kanskje kan det komma fleire hindringar i vegen for byrådet i denne saka. Nokon har gløymt å ta dei tillitsvalde med på råd i planleggingsprosessen.

Måndag sende tillitsvalde for dei tilsette ved sprøyterommet eit brev til byråd Sylvi Listhaug (Frp), der dei peiker på ei rekkje innvendingar mot dei planane som er lagde.

**«Vi er svært skeptiske til det vi har høyrt om at det skal brukast vakter for å følgja brukarane»**

STEIN ASTHØY, HOVUDTILLITSVALD SIF

#### For mange ulike

– Det aller viktigaste er den sosialfaglege kritikken, at dei vil plassera sprøyterommet i eit område med så mange tiltak for ulike typar brukarar, og så nær ungdomsmiljøet langs Akerselva, seier Stein Asthøy, hovudtillitsvald for Sosiale Institusjoners Fagforening (SIF, avdeling av Fagforbundet).

Dei andre underskrivarane er tillitsvalde frå Norsk sykepleierforbund, Fellesorganisasjonen, Samfunnsviterne og hovudverneombodet i Rusmiddeletaten.

På same området er det frå før eit aktivitetssenter for folk med rus- og psykiatriproblem, akuttinstitusjon for rusbrukarar, og verneheim der det brur tidlegare rusbrukarar. Og avstanden er kort til område der det går føre seg narkotikahandel.

– Skal ein først ha sprøyterom, burde det vera fleire stader i byen, og plasseringa i Tollbugata er langt betre enn Storgata, sjølv om det er manglar ved det eksisterande sprøyterommet, legg Asthøy til.

#### Trikkeskjener

Ei anna, heilt konkret innvending, er at inngangen frå Storgata skal vera på ein plass der fortauet er svært smalt og trikkeskjenene ligg nesten inntil fortauskanten. Korleis skal ein organisera ein eventuell kø av brukarar til sprøyterommet slik at det ikkje er til plage for fotgjengarar og naboar i området?

Det andre er sjølve passasjen inn til døra til sprøyterommet. Ein slik passasje er tatt med i planane for å hindra fri tilgang til heile området med gamle bygningar som skal fredast.

– Vi er svært skeptiske til det vi har høyrt om at det skal brukast vakter for å følgja brukarane. Brukarane har meir enn nok av dårlege erfaringar med uniformerte vakter som blir brukt til å halda dei vekk andre stader. Uniformerte vakter rimar dårleg det lågterskeltilbodet eit sprøyterom skal vera. Vi må ha helsefagleg bemanning god nok til at vi kan gjera situasjonen trygg for både brukarar og tilsette, seier Asthøy til Klassekampen.

Og sjølve passasjen, eller tunnelen, som dei tillitsvalde altså ikkje har fått høve til å seia noko om, kan i seg sjølv vera eit problem.

For dei tilsette kan somme vanskelege situasjonar på det eksisterande sprøyterommet handterast ved at eventuelle aggressive personar blir manøvrerte mot utgangsdøra, og bedne om å forlata staden. Ein tunnelpassasje med ei stengd dør mot gata kan gjera slike situasjonar langt meir kompliserte.

#### Tryggleik

Under prøveperioden med sprøyterommet i Tollbugata er det dokumentert ei rekkje valdsepisodar. Dei tilsette kjenner ikkje til at vurdering av denne dokumentasjonen er tatt med i planlegginga av det mellombels sprøyterommet i Storgata, og ber om å få leggja denne dokumentasjonen fram for Arbeidstilsynet, og ønskjer Arbeidstilsynet si vurdering av kva konsekvensar det nye sprøyterommet kan få for dei tilsette sin arbeidssituasjon.

– Vi har både hovudavtalen og arbeidsmiljølova på vår side når vi krev å komma til orde. Her har det blitt køyrt ein politisk prosess for å plassera sprøyterommet ingen vil ha i sitt nabolag. Det kan ikkje frita Oslo kommune frå dei arbeidsgivarpliktene som følgjer av lov og avtaleverk, understrekar Asthøy.

magnhild.folkvord@klassekampen.no

**FAKTA**

**Dette er saka:**

- I 2006 bestemte bystyrefleirtalet i Oslo at eit mellombels sprøyterom skal plasserast på området til Prinds Christian Augusts Minde (PCAM) i Storgata.
- I 2006 varsla Byantikvaren om freding av PCAM. Brev frå Byantikvaren i januar i år uttrykker uro for at eit sprøyterom kan auka risikoen for at uvedkommande får tilgang til området.
- Fredingssaka skal behandlast i bystyret, men datoen er ikkje fastsett.
- Omsorgsbygg KF har fått løyve til å setja opp paviljongar til sprøyterommet inne på området, men har førebels ikkje fått løyve til å laga ein passasje frå Storgata og inn til sprøyterommet.



Klassekampen 20. januar